



Møteprotokoll for Alver formannskap

Møtedato: 05.12.2019
Møtestad: Nordhordlandshallen
Møtetid: 10:00 - 16:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Morten Klementsens	FNB	Medlem
Terje Sletten-Hansen	FNB	Medlem
Maria Færø	FNB	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Jarle Landås-ass.rådmann, Martin W Kullid-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær,
 Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
008/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/19	Godkjenning av møteprotokoll
010/19	Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune
011/19	Vass- og avløpsgebyr 2020
012/19	Smittevernplan for Alver kommune
013/19	Høyring-NOU 2019: 16 Skattlegging av vasskraftverk
014/19	Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Alver, Austrheim og Fedje.

- 015/19 Borgarleg vigsel i Alver kommune
- 016/19 Satsar for livsopphald i Alver kommune
- 017/19 Betalingssatsar og leigeprisar bygg og anlegg
- 018/19 Strategi- og styringsdokument samfunnsutvikling
- 019/19 Framlegg til planstrategi for Alver kommune – Høyring
- 020/19 Gebyr- og betalingssatsar for 2020
- 021/19 Økonomiplan 2020 - 2023
- 022/19 Val av forhandlingsutval - lønsfastsetjing rådmann

008/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

FO- 008/19 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

009/19: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

FO- 009/19 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

010/19: Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver revidert 25.11.2019, gjeldande frå 01.01.2020. Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §§ 3, 4 og 5 og Forskrift om begrensning av forurensning § 16-1, andre ledd.»

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 010/19 innstilling:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver revidert 25.11.2019, gjeldande frå 01.01.2020. Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §§ 3, 4 og 5 og Forskrift om begrensning av forurensning § 16-1, andre ledd.»

011/19: Vass- og avløpsgebyr 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner vass- og avløpsgebyra for 2020, slik dei går fram av framlegg datert 25.11.2019.»

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 011/19 innstilling:

«Alver kommunestyre godkjenner vass- og avløpsgebyra for 2020, slik dei går fram av framlegg datert 25.11.2019.»

012/19: Smittevernplan for Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar smittevernplan for Alver kommune slik den er lagt fram i saka. Kommuneoverlegen har ansvar for å halde planen fagleg oppdatert, og skal sørge for at den er i samsvar med gjeldande faglege retningslinjer og råd frå sentrale helsemyndigheiter. Dersom det blir endring i kven som er kommuneoverlegen sin faste stedfortredar, kan kommuneoverlegen endre dette i Vedlegg 2: Varslingsliste.

Kommunestyret skal orienterast om større faglege endringar.

Større endringar av smittevernplanen som kan få økonomiske konsekvensar for Alver kommune, skal godkjennast av kommunestyret.

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 012/19 innstilling:

Kommunestyret vedtar smittevernplan for Alver kommune slik den er lagt fram i saka. Kommuneoverlegen har ansvar for å halde planen fagleg oppdatert, og skal sørge for at den er i samsvar med gjeldande faglege retningslinjer og råd frå sentrale helsemyndigheiter. Dersom det blir endring i kven som er kommuneoverlegen sin faste stedfortredar, kan kommuneoverlegen endre dette i Vedlegg 2: Varslingsliste.

Kommunestyret skal orienterast om større faglege endringar.
Større endringar av smittevernplanen som kan få økonomiske konsekvensar for Alver kommune, skal godkjennast av kommunestyret.

013/19: Høyring-NOU 2019: 16 Skattlegging av vasskraftverk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram til politisk drøfting

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Høyringsfråsegn frå BKK vart ettersendt.

Fellesframlegg ved A.Byrknes-KRF:

Alver kommunestyre slutter seg til fråsegn frå NPK av 26.11.2019 og uttale frå BKK 04.12.2019.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 013/19 innstilling:

Alver kommunestyre slutter seg til fråsegn frå NPK av 26.11.2019 og uttale frå BKK 04.12.2019.

014/19: Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Alver, Austrheim og Fedje.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune vedtar samarbeidsavtalen for etablering av interkommunalt samarbeid om barnevern slik den ligg føre.

Rådmannen samarbeider med rådmennene i dei andre kommunane om ein plan for oppstart og implementering.

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming

Fellesframlegg ved N.M.Aadland-H:

Alver kommune vedtek avtale om vertskommunesamarbeid for barnevernstenesta med Austrheim og Fedje kommunar der Alver kommune er vertskommune.

Avtalen vert vedteke på følgjande vilkår:

Namnet på vertskommunesamarbeidet er Alver barnevern. Avtaleframlegget må endrast i tråd med dette.

Rådmannen i Alver samarbeider med rådmennene i dei andre kommunane om ein plan for oppstart og implementering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 014/19 innstilling:

Alver kommune vedtek avtale om vertskommunesamarbeid for barnevernstenesta med Austrheim og Fedje kommunar der Alver kommune er vertskommune.

Avtalen vert vedteke på følgjande vilkår:

Namnet på vertskommunesamarbeidet er Alver barnevern. Avtaleframlegget må endrast i tråd med dette.

Rådmannen i Alver samarbeider med rådmennene i dei andre kommunane om ein plan for oppstart og implementering.

015/19: Borgarleg vigsel i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av «Lov om endring i ekteskapslova og bustøttelova m.m. (oppgåveoverføring til kommunane)» av 16. juni 2017, paragraf 12 punkt b., gjev kommunestyret i Alver følgjande folkevalde og kommunalt tilsette vigselsmynde med verknad frå 1. januar 2020.

Frå Alver kommunestyre

Kommunestyrerepresentant _ _ _ _ _

Frå administrasjonen

Kultursjef Eirik Bouwer Utne
Kommuneadvokat Jarle Landås

Kommunestyret godkjenner bruk av rådhuset i Knarvik og Frekhaug og Tingstova på Manger som vigselsstadar i Alver kommune.

Alver kommune vil så langt som råd prøve å etterkome brudeparet sine ønskje om vigselsstad. Om det førar med seg ekstraordinære kostnader/planlegging, må brudeparet sjølv stå for organisering og meirkostnader.

Kommunestyret tek retningsline for vigsel i Alver kommune til orientering.

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Saka vert sendt valnemnda før endeleg handsaming i kommunestyret.
Saka vart samrøystes vedteke.

FO- 015/19 innstilling:

Saka vert sendt valnemnda for endeleg handsaming i kommunestyret.

016/19: Satsar for livsopphald i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune legg til grunn statlege retningsliner for økonomisk stønad ved fastsetting av stønadsnivå. Kommunen justere stønadsnivå årleg, jamfør statleg rundskriv.

Alver kommune legg til grunn at barnetrygd skal reknast som inntekt ved utmåling av økonomisk sosialhjelp.

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Fellesframlegg ved A.AA.Byrknes-KRF:

Som rådmannen sitt framlegg med endring i siste pkt:

Alver kommune legg til grunn at barnetrygd ikkje skal reknast som inntekt ved utmåling av økonomisk sosialhjelp.

Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 016/19 innstilling:

Alver kommune legg til grunn statlege retningslinjer for økonomisk stønad ved fastsetting av stønadsnivå. Kommunen justere stønadsnivå årleg, jamfør statleg rundskriv.

Alver kommune legg til grunn at barnetrygd ikkje skal reknast som inntekt ved utmåling av økonomisk sosialhjelp.

017/19: Betalingssatsar og leigeprisar bygg og anlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Betalingssatsar og leigeprisar for bygg og anlegg slik det ligg føre.

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Feil i alder, saksutgreiing. Alle skal være 19 år.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FO- 017/19 innstilling:

Kommunestyret vedtek Betalingssatsar og leigeprisar for bygg og anlegg slik det ligg føre.

018/19: Strategi- og styringsdokument samfunnsutvikling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling blir vedtatt slik det blir lagt fram i saka.

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Orientering ved kommunalsjef samfunnsutvikling Hogne Haugsdal

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 018/19 innstilling:

Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling blir vedtatt slik det blir lagt fram i saka.

019/19: Framlegg til planstrategi for Alver kommune – Høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til Planstrategi for Alver kommune 2020-2024 vert lagt ut på høyring i 30 dagar ,etter Plan og bygningslova § 10-1, kommunal planstrategi.

Alver formannskap 05.12.2019:

Behandling:

Endringsframlegg frå AP, SP, KRF og H ved Ø.Oddekalv-Ap:

- Plan for å styrke fastlegetenestene i Alver kommune

Framlegget vart samrøystes vedteke.

- Veteranplan
Framlegget vart samrøystes vedteke.

- Landbruks- og akvakulturplan blir delt opp i to planar
Framlegget vart samrøystes vedteke

Framlegg L.Johnsen-MDG:

- Kommuneplanen sin arealdel - endra oppstart hausten 2020, ferdig hausten 2023.

Grunngjeving:

Viktig for engasjementet å ha framdrift og eigarskap heilt fram til endeleg vedtak.

Viktig med ein felles arealplan så raskt som mogeleg.

Viktig for etableringsarbeidet, påverknad og deltaking, for å skape identiteten i Alver.

Framlegget fekk 1 røyst (L.Johnsen-MDG) og fall.

- Sambandet Vest må ut.

Grunngjeving:

I framtida må biltrafikk reduserast, meir transport må over på fjordane. Dette blir eit dyrt prosjekt som vil ta ressursar frå viktige prosjekt som kan styrke kollektivtilbod og beredskapsarbeid i høve klimaendringar. Vil øydeleggje natur og landskapskvalitetar i ei tid med aukande naturkrise.

Framlegget fekk 1 røyst (L.Johnsen-MDG) og fall.

- Eigen kommunedelplan for natur og biologisk mangfald

Grunngjeving:

Den generelle naturkrise me står i.

Den spesielt heldige stoda i Alver/Nordhordland med lommer av natur nær tette befolkningsentra.

Dette er ein uvurderleg verdi for førebyggjande helse og livskvalitet hos oss.

Framlegget fekk 1 røyst (L.Johnsen-MDG) og fall.

- Eigen interkommunal plan for kystsona for heile Alver med tilgrensande fjordar i nabokommunar.

Grunngjeving:

Fylkesmannen krev dette. Eit heilskapleg forvaltning av fjordressursar - forvaltinga krev det.

Framlegget fekk 1 røyst (L.Johnsen-MDG) og fall.

Rådmannen sitt framlegg med endring høyring 6 veker.

Framlegget med endringar vart samrøystes vedteke.

FO- 019/19 innstilling:

Framlegg til Planstrategi, med endringar, for Alver kommune 2020-2024 vert lagt ut på høyring i 6 veker, etter Plan og bygningslova § 10-1, kommunal planstrategi.

020/19: Gebyr- og betalingssatsar for 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar gebyr- og betalingssatsar for 2020 slik det ligg føre i saka.

Endringane gjeld frå 01.01.2020

For pleie og omsorg gjeld satsane frå 01.02.2020

Alver formannskap 05.12.2019:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg N.Bognøy-Ap:

Betalingssatsar SFO 5.- 7.klasse vert å koma attende til i kommunestyret 19.12.2019.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 020/19 innstilling:

Kommunestyret vedtar gebyr- og betalingssatsar for 2020 slik det ligg føre i saka.

Betalingssatsar SFO 5.- 7.klasse vert å koma attende til i kommunestyret 19.12.2019.

Endringane gjeld frå 01.01.2020

For pleie og omsorg gjeld satsane frå 01.02.2020

021/19: Økonomiplan 2020 - 2023**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Investeringsbudsjettet for 2020 er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne prosjekt i tillegg til nokre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Alver kommune opp 283 743 000 kr i lån til generelle investeringar i 2020 og 195 775 000 kr i lån til sjølvkostområdet (vann og avløp).
2. Økonomiplan for 2020-2023 og årsbudsjett for 2020 blir vedteke, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2020 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei syv hovudområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparing til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. Rådmannen får fullmakt til å flytte mindre budsjettpostar knytt til driftsutgifter mellom sektorane slik at det samsvarer med organiseringa i Alver.
5. Pensjon: Det har vore ulik amortisering av premieavvik i dei tre kommunane. Alver kommune legg til grunn 7 års amortisering av premieavvik.
6. For 2020 nyttar Alver kommune utskrivningsalternativet i eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og - installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2020 være lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknas med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.

7. Det vert gjeve ei ramme på 2 271 000 kr til kontrollutvalet.
8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 22 500 000 kr og 2 685 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik.
9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
10. Godtgjerse til ordførar blir sett til 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr for 2020. Løna regulerast per mai 2020 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

Ungdomsråd 27.11.2019:

Handsaming:

Orientering i saka v/ Janne Sund.

Ungdomsrådet har følgjande innspel:

- Ny idrettshall på Ostereidet

Ungdomsrådet ber om at kommunen held seg til planen om å bygga hallen i 2020, slik det var planlagt i Lindås kommune. Ungdomsrådet har fått informasjon frå ungdommar på Ostereidet, om at det i dagens gymsal og symjebasseng ikkje er nok kapasitet på mellom anna garderobar og dusj. Elevar frå ungdomsskulen får ikkje alltid tilbod om dusj etter undervisning på grunn av dette.

- Meland ungdomsskule

Ungdomsrådet veit at kapasiteten til Meland ungdomsskule er sprengd, og at mange av bygga er dårlege og gamle.

Ungdomsrådet meiner at kommunen må finna løysingar, slik at ein ny skule kan planleggast så fort som mogleg.

Ungdomsrådet er kjent med at det er utfordringar med fleire skular, mellom anna Manger barneskule, Eikanger barneskule, og fleire.

Ungdomsrådet ser òg at det i økonomiplanen er lagt opp til innsparingar både i drift og investeringar. Ungdomsrådet meiner at kommunen må sjå etter løysingar som kan auka inntekter til kommunen, slik at nødvendige prosjekt kan gjennomførast.

Ungdomsrådet meiner at feks eigeidomsatt, på eit nivå som er lågare enn Radøy og Meland har i dag, og med moglegheit for unntak til barnefamiliar, kan vera ein måte å skaffa meir inntekt på i Alver kommune

Innspela vart samrøystes vedteke.

UR- 005/19 uttale

- Ny idrettshall på Ostereidet

Ungdomsrådet ber om at kommunen held seg til planen om å bygga hallen i 2020, slik det var planlagt i Lindås kommune. Ungdomsrådet har fått informasjon frå ungdommar på Ostereidet, om at det i dagens gymsal og symjebasseng ikkje er nok kapasitet på mellom anna garderobar og dusj. Elevar frå ungdomsskulen får ikkje alltid tilbod om dusj etter undervisning på grunn av dette.

- Meland ungdomsskule

Ungdomsrådet veit at kapasiteten til Meland ungdomsskule er sprengd, og at mange av bygga er dårlege og gamle.

Ungdomsrådet meiner at kommunen må finna løysingar, slik at ein ny skule kan planleggast så fort som mogleg.

Ungdomsrådet er kjent med at det er utfordringar med fleire skular, mellom anna Manger barneskule, Eikanger barneskule, og fleire.

Ungdomsrådet ser òg at det i økonomiplanen er lagt opp til innsparinger både i drift og investeringar. Ungdomsrådet meiner at kommunen må sjå etter løysingar som kan auka inntekter til kommunen, slik at nødvendige prosjekt kan gjennomførast.

Ungdomsrådet meiner at feks eigedomsskatt, på eit nivå som er lågare enn Radøy og Meland har i dag, og med moglegheit for unntak til barnefamiliar, kan vera ein måte å skaffa meir inntekt på i Alver kommune

Eldreråd 02.12.2019:

Handsaming:

Kommunalsjef samfunnsutvikling, Hogne Haugsdal, gav rådet ei grundig orientering om rådmannen sitt framlegg til den første økonomiplanen i Alver kommune. Han orienterte også om rammene for økonomiplanarbeidet og sa at det er krevjande å få ein økonomiplan i balanse.

Etter ei grundig drøfting vart det sett fram følgjande felles tilleggsframlegg i møtet:

Eldrerådet tar rådmannen sitt framlegg til budsjett til etterretning og ser fram til at organisasjonen kan bearbeida budsjetta meir konkret når organisasjonen arbeider saman frå 2020.

Eldrerådet uttrykkjer bekymring for lågt budsjett.

Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

ER- 010/19 uttale:

1. Investeringsbudsjettet for 2020 er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekte prosjekt i tillegg til nokre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Alver kommune opp 283 743 000 kr i lån til generelle investeringar i 2020 og 195 775 000 kr i lån til sjølvkostområdet (vann og avløp).
2. Økonomiplan for 2020-2023 og årsbudsjett for 2020 blir vedteke, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2020 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei syv hovudområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparing til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. Rådmannen får fullmakt til å flytte mindre budsjettpostar knytt til driftsutgifter mellom sektorane slik at det samsvarer med organiseringa i Alver.
5. Pensjon: Det har vore ulik amortisering av premieavvik i dei tre kommunane. Alver kommune legg til grunn 7 års amortisering av premieavvik.
6. For 2020 nyttar Alver kommune utskrivningsalternativet i eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik

at verdien av produksjonsutstyr og - installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringsseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2020 være lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattgrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknas med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.

7. Det vert gjeve ei ramme på 2 271 000 kr til kontrollutvalet.
8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellestråd på 22 500 000 kr og 2 685 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik.
9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
10. Godtgjersle til ordførar blir sett til 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr for 2020. Løna regulerast per mai 2020 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

Eldrerådet tar rådmannen sitt framlegg til budsjett til etterretning og ser fram til at organisasjonen kan bearbeida budsjetta meir konkret når organisasjonen arbeider saman frå 2020. Eldrerådet uttrykkjer bekymring for lågt budsjett.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:

Handsaming:

Orientering til saka ved Hogne Haugsdal-ass.rådmann

Framlegg frå Tore Eugen Hansen-FNB:

Merknad: Rådet er uroa over fleire av framlegga til nedskjeringar, særleg dei som råkar tenestene til funksjonshemma og elevar med særskilde behov.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 006/19 uttale:

Rådet er uroa over fleire av framlegga til nedskjeringar, særleg dei som råkar tenestene til funksjonshemma og elevar med særskilde behov.

Administrasjonsutval 05.12.2019:

Handsaming:

Orientering ved økonomisjef Janne Sund

Uttale frå utdanningsforbundet og uttale SFO frå HTV'ane vert lagt ved saka.

UTTALE TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN FRÅ UTDANNINGSFORBUNDET ALVER

Utdanningsforbundet Alver er særst nøgd med at alle dei politiske partia i sine valprogram for dei neste fire åra har uttalt at dei vil prioritere born og unge sine oppvekstvilkår. Dei fleste har òg sagt noko om at barna skal ha gode barnehagar og skular. For å få dette til, treng vi ikkje berre gode barnehage- og skulebygg, men òg eit godt innhald. Den beste garantien for godt innhald er det å ha

tilstrekkeleg med godt kvalifiserte tilsette. Når rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan inneheld nedskjeringar på talet på tilsette både innan barnehage, skule og PPT, så harmonerer det dårleg med at vi skal ha barnehagar og skular med god kvalitet. Utdanningsforbundet Alver er kritisk til at rådmannen sitt framlegg i liten grad gjev eit dekkande bilete på konsekvensane av kuttforslaga, og har difor følgjande uttale:

Barnehage:

For barnehage er det foreslått å fjerne 2,7 årsverk som barnehagane i Radøy fekk tilført i 2016 for å sikre bemanninga på avdelingane når pedagogane har si avtalefesta planleggingstid. I tillegg foreslår rådmannen å redusere med 0,7 årsverk til styrkingstiltak. Rådmannen har grunngjeve begge desse kutta med «harmonisering», og ikkje skrive noko om konsekvensane med desse kutta.

Ressursnivået i årevis vore veldig lågt i barnehagane våre. Staten har minstesatsar for kor mykje kommunen er nøydd til å bruke på barnehagane dersom kommunen berre har private barnehagar. Både i Meland og Lindås vert barnehagane drive med 10-13% lågare ressursnivå enn Staten sine satsar (ut frå Staten sine satsar for 2020 og kva desse to kommunane har rekna ut at dei skal gje i overføringar per barn i dei private barnehagane for 2020). For barnehagane i Radøy har vi blitt fortalt at ressursnivået er om lag likt Staten sine satsar, utan at vi har fått talfesta dette. Utsegn frå rådmannen om at dei aller fleste kommunar driv billigare enn Staten sine satsar kan gje inntrykk av at dette er ganske udramatisk. Dette er Utdanningsforbundet Alver heilt ueinig i.

I budsjettet legg rådmannen opp til at ressursnivået i barnehagane i Radøy skal senkast til det låge nivået i dei to andre kommunane. Utdanningsforbundet Alver sit på informasjon om til dels dramatiske tilstandar i barnehagane våre. Her kan nemnast:

1. Lang opningstid gjer at bemanninga mesteparten av dagen er langt lågare enn bemanningsnorma og pedagognorma gjev inntrykk av. Vi har fått forteljingar om ungar ned i under eitt-årsalderen som om morgonen sit åleine når den einaste som er på jobb står i døra for å ta imot fleire ungar som blir leverte. Vi høyrer at det ikkje er uvanleg at to til tre vaksne har ansvar for å passe på og følgje opp 40-50 barn når dei skal leike utandørs. Etter planen skulle det gjerne ha vore minst fire vaksne ute, men vanskeleg vikarsituasjon ved sjukdom og anna fråvere er ei stor utfordring, og stadig må ein vaksen inn for å skifte bleie eller plastre eit sår.
2. Utdanningsforbundet Lindås gjennomførte i mars 2019 ei undersøking om arbeidstid blant pedagogane i dei kommunale barnehagane i Lindås. Det kom då fram at om lag halvparten av pedagogane si planleggingstid fall vekk på grunn av at pedagogane vurderte bemanninga på avdelinga si som så låg at det ikkje var forsvarleg å forlate avdelinga. Mesteparten av denne planleggingstida fekk dei aldri tilbake på eit seinare tidspunkt. Konsekvensar av dette er manglande eller dårleg planlegging av aktivitetar, foreldremøte og foreldresamtalar, dårlegare rettleiing av assistentar og fagarbeidarar, dårlegare tilrettelegging for barn med særskilte behov, og at det ikkje er mogleg å følgje opp Rammeplanen for barnehage samt ulike statlege og kommunale satsingsområde (t.d. knytt til tidleg innsats, trygt og godt barnehagemiljø, inkludering og mobbereduksjon).
3. Barnehagane er blant dei arbeidsplassane med høgast sjukefråvere, og det er dokumentert at ein god del av dette sjukefråveret er arbeidsrelatert. Dei tilsette er, naturleg nok, mykje utsett for smittefare ved influensa og omgangssjuke. I tillegg til dette er kvardagen til dei tilsette prega av stress og kjensle av ikkje å strekke til. Store emosjonelle belastningar fører til langtids sjukefråvere og at tilsette sluttar i jobben. Ytterlegare kutt i bemanninga vil gjere det enno vanskelegare å få ned sjukefråveret. Desse faktorane er årsaka til at barnehagane er eitt at dei særskilte satsingsområda til IA. Det kan nemnast at barnehagar i mellom anna Stavanger og Trondheim no bemannast opp, då forsøk dei siste par åra har vist at dette, i tillegg til auka kvalitet,

har bidrege til stor reduksjon i sjukefråveret.

4. Reduksjon i styrkingstiltak i form av reduksjon i vedtak betyr at barn med oppfølgings- og tilretteleggingsbehov må greie seg med dei allereie knappe ressursane som finst innanfor det ordinære. Det gjer det vanskelegare å knyte til seg riktig kompetanse for å ivareta desse barna, vil auke belastninga på dei tilsette ytterlegare, og vil i siste instans gå ut over alle barna.

Tilstrekkeleg bemanning og godt kvalifisert bemanning er særst viktig for tryggleik og kvalitet. Jo lenger opningstida er, og jo mindre det er regulert ei maksimaltid for barna i barnehagen, jo tynnare må ei allereie låg bemanning spreia ut over arbeidsdagen. Det er no ute på høyring framlegg til vedtekter for dei kommunale barnehagane i Alver. Der er det foreslått at alle barnehagane i utgangspunktet skal ha opningstid frå kl.7.00 til 17.00 kvar dag. Det vil seie at barnehagar som i dag er opne til 16.30 skal auke opningstida. I dag er det ei maksimaltid for barnehagebarna i Lindås og Radøy på 9 timar for dagen. I Meland har dei fjerna maksimaltida. I framlegget til vedtekter er ikkje maksimaltid nemnt, noko som betyr at alle barna i prinsippet kan vere i barnehagane 10 timar kvar einaste dag. Vedtektene sånn som dei ligg føre, harmonerer ikkje med at ein skal kutte i bemanninga.

Utdanningsforbundet sentralt har eit vedtak om å jobbe for at bemanningsnorma og pedagognorma skal vere oppfylt i heile opningstida, inkludert ved sjukefråvere. Vi i Utdanningsforbundet Alver forstår at dette ikkje vil vere mogleg å oppfylle utan at det kjem store øyremerkte ekstramiddel frå Staten. I denne omgang bed vi kommunestyret om å stanse kuttforslaga innan barnehage, og om å auke opp bemanninga i barnehagane i Lindås og Meland tilsvarande det dei har i Radøy som kompensasjon for pedagogane si planleggingstid.

Skule:

Det er for grunnskulane lagt fram frå rådmannen eit forslag om å kutte 12 lærarårsverk. Dette er kutt som skal kome på toppen av kutt som allereie er gjennomførte dei siste åra, og det samstundes som at det er forventa ei elevtalsauke òg dei komande åra. Desse kutta vil i særleg rad gå ut over dei elevane som i størst grad har behov for særskilt tilrettelegging, noko som rådmannen òg har notert som ein konsekvens. Kutta betyr òg at Tidleg innsats-satsinga i stor grad må leggjast til sides.

Stadig aukande krav til dokumentasjon og oppfølging av skulemiljø og læringsmiljø, samt innføring av nye læreplanar/fagplanar og ei skuleeigar sine uttalte ønskje om utstrakt digitalisering i løpet av dei neste få åra, betyr ei stor ekstra arbeidsbelastning på dei tilsette. Om ein samstundes skal redusere med eit tosifra tal lærarårsverk, vil det vere nær umogleg å lukkast med alle dei pålagte satsingane. Skuleeigar har i tillegg til alt dette uttalte mål om betring av elevane sine faglege resultat, auka trivsel og reduksjon av mobbing.

Utdanningsforbundet Alver ønskjer å utfordre skuleeigar til å forklare for kommunestyret korleis det skal vere mogleg for dei tilsette i skulane å nå alle dei oppsette krava og måla med ein såpass stor reduksjon av lærarårsverk. Tidlegare har rådmannen argumentert for kutt av lærarårsverk i Lindås med at Lindås hadde eit høgt ressursnivå i høve til samanliknbare kommunar. Utdanningsforbundet har då påpeikt at ressursnivået har vore knytt til ei ønskt desentralisert skulestruktur, samt at vi i større grad enn mange andre kommunar har kostnadar knytt til språkdeling av klassar (bokmål/nynorsk). Når vi har gått inn i GSI-tala og samanlikna skule for skule med tilsvarande skular (storleik og skuleslag) i andre kommunar, kan vi vise til at vi ikkje ligg høgt i ressursbruk. Truleg ligg ressursbruken då under snittet, ut frå dei samanlikningane som vart gjort for to år sidan.

Det er eit uttalt mål om å redusere andelen av spesialundervisning, og at ein større del av elevane med særskilte behov skal kunne ivaretakast innanfor det ordinære. Dette kan Utdanningsforbundet ha forståing for, ut frå at andelen med spesialundervisning er høg i alle våre tre noverande kommunar, men vi meiner at dette ikkje er mogleg om ein samstundes skal redusere lærarårsverka

innan den ordinære undervisninga.

Når det gjeld SFO, så har alle fagorganisasjonane for tilsette innan grunnskule kome med innspel knytt til bemanning. I utgangspunktet var dette innspelet meint å vere eit høyringsinnspel til vedtekter for SFO for Alver kommune, men det er òg relevant å ta med som eit innspel i budsjettprosessen, då det dreier seg om ressursar. Dette vil bli lagt ved som eit eige innspel.

PPT:

Rådmannen legg fram forslag om reduksjon på 1,3 årsverk innan PPT, med skisserte konsekvensar at det vil bli auka ventetid som følgje av redusert kapasitet til testing og sakshandsaming. Utdanningsforbundet vil peike på at rådmannen i samband med kutt i lærarårsverk i grunnskulen nemnar som ein konsekvens at PPT må vere tettare på grunnskulane. I tillegg legg rådmannen opp til å overføre familierettleiinga for foreldra til dei minste barna (knytt til DUÅ-programmet, Dei Utrulege Åra) frå helsestasjonane til PPT.

Vi er heldige som har fantastisk dyktige tilsette ved PPT, men ut frå at dei skal redusere bemanninga samstundes med at dei får ei auke i oppgåver, er det vanskeleg å sjå at det er mogleg å oppretthalde den gode kvaliteten som tenesta har hatt gjennom mange år.

Utdanningsforbundet Alver oppmodar kommunestyret om å syte for at barnehagane, skulane og PPT har eit ressursnivå som står i stil med alle arbeidsoppgåvene som skal løysast. Om ein meiner noko med at ein skal prioritere barn og unge si læring, trivsel og utvikling, så må det òg sjåast igjen i ressursbruken. All statistikk viser at det er særskilt kostbart for samfunnet at mange som følgje av mangelfull oppfølging både i heim, barnehage og skule ramlar ut av vidaregåande opplæring og utanfor arbeidslivet seinare i livet.

For Utdanningsforbundet Alver
Jarle Næss, hovudtillitsvald

INNSPEL TIL RETNINGSLINER FOR SFO I ALVER KOMMUNE

Vi har i lang tid sett til dels store utfordringar knytt til SFO-bemanninga i kommunane våre. Vi har fleire døme på at tilhøva har vore så krevjande at det har vore naudsynt å setje inn krisetiltak. Særskilt er utfordringa stor når det gjeld å ta godt vare på barn med særskilte behov. Når det med ein del av desse elevane ikkje følgjer med ekstra ressursar til bemanning, står dei tilsette i ein umogleg situasjon. Om dei følgjer opp barnet med særskilte behov, så får dei ikkje følgt opp resten av barnegruppa, og omvendt. Barna har det ikkje bra nok, og dei tilsette kjenner seg utilstrekkelege. Det er ikkje tilfeldig at SFO-tilsette jamt over ligg i toppen når det gjeld høgt sjukefråvere, og at ein del søker seg ned i stillingsprosent.

Stockholms Universitet og NTNU Samfunnsforskning har hatt i oppdrag å gjennomføre ei nasjonal evaluering av skulefritidsordninga i Noreg. I rapporten [«Lek, læring og ikkje-pedagogikk for alle»](#) kjem det tydeleg fram at dei utfordringane vi ser lokalt hos oss, òg er utfordringar som gjeld nasjonalt.

Vi bed om at det for SFO i Alver kommune blir laga retningslinjer som betre sikrar ei forsvarleg bemanning enn det som er tilfelle i dag. SFO må for dei tilsette vere ein helsefremjande arbeidsplass, og ikkje helseskadeleg, og SFO må vere ein god plass å vere for alle barn, anten dei har særskilte behov eller ikkje. Difor ønskjer vi at følgjande avsnitt blir innarbeidd i ei ny retningsline:

For elevar som får ekstra ressursar i skuletida med bakgrunn i ikkje-skulefaglege utfordringar, t.d. fysiske eller psykiske utfordringar eller utagering, må det òg setjast inn ekstra ressursar i SFO-tida.

Dette må gjelde både for dei barna som har tildelt ressursar eller sakkunnig vurdering og vedtak, og for dei barna der skulen sjølv set inn ekstra ressursar i ein overgangsfase i påvente av vedtak.

Når det gjeld grunnbemanninga for SFO, så ser vi at Radøy i dagens retningslinjer maksimalt 12 barn pr. tilsett, Lindås 15 barn pr. tilsett, og Meland 16 barn pr. tilsett. Vi ønskjer at talet for Alver kommune ikkje overstig 15 barn pr. tilsett, men heller blir lågare.

Med helsing

Solveig Laumark-Møller, HTV Fagforbundet Alver (Lindås)

Anita Dale, HTV Fagforbundet Alver (Meland)

Rosalind Instebø, HTV Fagforbundet Alver (Radøy)

Jarle Næss, HTV Utdanningsforbundet Alver (Lindås)

Adolf Hovgaard, HTV Utdanningsforbundet Alver (Meland)

Hilde B Hugaas, HTV Skolelederforbundet Meland

Anders Olav Dale, HTV Skolelederforbundet Lindås

Framlegg om at saka vert teke til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ADM- 006/19 uttale:

Økonomiplan 2020-2023 er teke til orientering.

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Orientering ved økonomisjef Janne Sund.

Protokolltilførsel frå SP, AP, KRF og H ved Ø.Oddekalv:

Det vil bli arbeidd fram mot kommunestyret, med tanke på endringar.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 1 røyst (N.Øvreås-Frp)

Framlegg frå N.Øvreås-FRP:

Rådmannen sitt framlegg med følgjande endringar:

BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT § 5-4	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Rammetilskot	-944 170	-952 495	-970 250	-988341
Inntekts- og formuesskatt	-786 430	-786 433	-786 433	-786433
Eigedomsskatt	-142 411	-121 806	-100 466	-78 391
Andre generelle driftsinntekter	-73 450	-57 450	-63 450	-56 450
SUM GENERELLE DRIFTSINTEKTER	-1 946 461	-1 918 184	-1 920 599	-1 909 615
Sum bevilningar drift, netto	1 909 627	1 860 059	1 828 037	1 804 294
Endringar bevilgning politisk handsaming	-23 377	-23 377	-23 377	-23 377
Avskrivningar	45 200	45 200	45 200	45 200
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	1 931 450	1 881 882	1 849 860	1 826 117
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-15 011	-36 302	-70 739	-83 498
Renteinntekter	-19 460	-17 360	-17 960	-18 460
Utbytter	-26 500	-26 500	-26 500	-26 500
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidde	0			
Endringar renter og avdrag politisk handsam	842	3 504	9 204	10 068
Renteutgifter	49 606	56 010	54 850	52 700
Avdrag på lån	98 200	102 150	103 010	100 220
NETTO FINANSUTGIFTER	102 688	117 804	122 604	118 028
Motpost avskrivningar	-71 000	-71 000	-71 000	-71 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	16 677	10 502	-19 136	-36 471
<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>				
Overføring til investering	6 900	6 400	6 400	6 400
Netto avsetning til eller bruk av bundne fon	-1 446	-1 446	-1 446	-1 446
Netto avsetningar til eller bruk av disp.fond	-47 016	-37 679	-2 342	15 857
Dekning av tidlegare års meirforbruk				
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-41 562	-32 725	2 612	20 811
FREMØRT TIL INNDEKNING I SEINERE ÅR	-24 886	-22 224	-16 524	-15 660

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT § 5-6	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Rammetilskot	-944 170	-952 495	-970 250	-988 341
Inntekts- og formuesskatt	-786 430	-786 433	-786 433	-786 433
Eigedomsskatt	-142 411	-121 806	-100 466	-78 391
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-73 400	-57 400	-63 400	-56 400
Overføringer og tilskot frå andre	-189 097	-189 097	-189 097	-189 097
Brukarbetalingar	-87 551	-87 551	-87 551	-87 551
Sals- og leigeinntekter	-163 459	-163 459	-163 459	-163 459
SUM DRIFTSINTEKTER	-2 386 518	-2 358 241	-2 360 656	-2 349 672
Lønsutgifter	1 301 250	1 262 121	1 237 488	1 219 225
Sosiale utgifter	340 702	329 263	321 874	316 394
Endringar politisk handsaming				
Kjøp av varer og tenester	564 000	564 000	564 000	564 000
Overføringer og tilskot til andre	77 600	77 600	77 600	77 600
Avskrivningar	71 000	71 000	71 000	71 000
SUM DRIFTSUTGIFTER	2 354 552	2 303 984	2 271 962	2 248 219
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-31 966	-54 257	-88 694	-101 453
Renteinntekter	-19 806	-17 706	-18 306	-18 806
Utbytter	-26 500	-26 500	-26 500	-26 500
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidde	0	0	0	0
Renteutgifter	66 906	73 310	72 150	70 000
Endringar politisk handsaming (renter og av	842	3 504	9 204	10 068
Avdrag på lån	98 200	102 150	103 010	100 220
NETTO FINANSUTGIFTER	119 642	134 758	139 558	134 982
Motpost avskrivningar	-71 000	-71 000	-71 000	-71 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	16 677	9 501	-20 135	-37 471
Netto Driftsresultat	-0,7 %	-0,4 %	0,9 %	1,6 %
<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>				
Overføring til investering	6 900	6 400	6 400	6 400
Netto avsetningar til eller bruk av bundne d	-1 446	-1 446	-1 446	-1 446
Netto avsetningar til eller bruk av disp.fond	-47 016	-37 679	-2 342	15 857
Dekning av tidligare års meirforbruk				
SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-41 562	-32 725	2 612	20 811
FREMFOØRT TIL INNDEKNING I SEINERE ÅR	-24 886	-23 224	-17 523	-16 660

	BRUTTO INVESTERINGAR - rådmannen sitt framlegg	Prosjekt- kostnad	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020- 2023	Etter økonomisk plan perioden
1	Investering administrasjonsbygg	Løpende	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	
2	Kommunale bygg		3 100	3 100	3 100	3 100	12 400	
	Sum administrasjonsbygg (delsum)		5 100	5 100	5 100	5 100	20 400	
3	Ny Alversund barneskule inkl hall og infrastruktur	325 000	165 000	116 500			281 500	
4	Knarvik barneskule inkl hall	235 000	1 500				1 500	
5	Oppgradering Eikanger skule		500				500	
6	Trafikksikring Eikanger skule		2 500				2 500	
7	Ny Eikanger skule	115 000		1 000		3 000	4 000	112 000
8	Tomt Eikanger skule						0	10 000
9	Uteområde Løknes og Knarvik U og oppgradering ventilasjon diverse skuler		6 000				6 000	
10	Leikeplassutstyr	Løpende	250	250	250	250	1 000	
11	Investering skulebygg	Løpende	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	
12	Kjøp/planlegging tomt Meland ungdomskule (overført frå 2019)		2 500	10 000			12 500	
13	Utgreiing/ planlegging ungdomskule							311 250
14	Styrking ungd. Skule, basseng, bibliotek, gymsal, kultur							87 500
15	Ny barneskule Frekhaug /alt. utviding Sagstad - (utgreiing)			1 250			1 250	
16	Ny barneskule Flatøy (utgreiing)						0	2 500
17	Mønger skule utviding						0	12 000
18	Mønger skule uteområdet						0	1 500
	Sum skulebygg (delsum)		180 250	131 000	2 250	5 250	318 750	536 750
19	Utstyr idrettsanlegg	Løpende	200	200	200	200	800	
20	Investering Kultur og idrett	Løpende	200	200	200	200	800	
21	Veg/infrastruktur Hall Ostereidet		25 000	10 000	15 000		25 000	25 000
22	Hall Ostereidet		122 000		20 000	102 000	122 000	122 000
23	Turstiar/lyssette turloypar		3 250				3 250	
24	Oppfølging av mulighetsstudie rådhuset på Mønger		500				500	
25	Rådhus/ kulturhus/ Kino - rehabilitering		5 000				5 000	
	Sum kultur og idrett (delsum)		19 150	35 400	102 400	400	157 350	147 000
26	Ny barnehage Lindås	69 900	47 400	14 000	1 000		62 400	
27	Barnehage Bø		26 000				26 000	
28	Veg/infrastruktur ny barnehage Lindås		5 000				5 000	
29	Investering barnehagebygg	Løpende	1 000				1 000	
	Sum barnehagebygg (delsum)		79 400	14 000	1 000	0	94 400	0
30	Nye bustader rus og psykiatri	25 000	2 000		18 000	5 000	25 000	
31	Investering bustader	Løpende	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	
32	BSHP - Prosjektering, kjøp av 4 hybler til ungdommer	Ikke avklart					0	200
33	BSHP - Prosjektering, 6 leiligheter til voksne/ familier	Ikke avklart					0	200
34	Investering institusjon og omsorgsbustader	Løpende	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000	
35	Bufellesskap	25 300	1 000	3 000		20 300	24 300	
36	Utlegebustader for vanskelegstilte						0	20 000
37	Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn						0	25 000
38	Oppfølging bustadssosial handlingsplan						0	13 000
39	Ny RIB					3 000	3 000	
40	Solhall oppgradering					9 500	9 500	
	Sum Institusjon og omsorgsbustader, Helse og sosial (delsum)		6 000	6 000	21 000	40 800	73 800	58 400

41	Kyrkjeleg fellesråd					0
42	Gravplass Lindås	4 700				4 700
43	Utviding av kyrkjegard				14 000	14 000
44	Arbeidskyrkje - kommunalt tilskot					87 500
	Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)	4 700	0	0	14 000	18 700
45	Nytt vannbehandlingsanlegg Hestdal	38 875				38 875
46	VAanlegg Meland vassverk - Meland høgdebasseng	14 600				14 600
47	VAanlegg Myrvollane - Moldekleiv	15 300				15 300
48	VA- anlegg Fosse - Moldekleiv	10 200	10 300			20 500
49	Vassledning Fosse - Frekhaug			10 100		10 100
50	Mindre prosjekt vatn	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
51	Vassprosjekt iht. plan	21 900	14 500	5 000		41 400
52	Leidning Tykheller - Sjunset, kom.del	10 000	15 000	3 000	3 000	31 000
53	Leidning Kløve - Eknes	5 000	12 000			17 000
54	Leidning Kløve - Veland				15 000	15 000
55	Leidning Alverstraumen del 1 og 2			6 000		6 000
56	Leidning Alvers traumen - Austmarka				6 000	6 000
57	Høydebasseng Alverstraumen			10 000		10 000
58	Oppgradering VA anlegg Alversund i samband med utbygging	5 000	3 000			8 000
59	Oppgradering Lindås	3 000	3 000			6 000
60	Nysattunet , Fyllingsnes	1 000				1 000
61	Storavatn, nytt behandlingsanlegg		2 000			2 000
62	Herlandstø - Flatøy			5 000		5 000
63	Tilskotsanlegg private	500	500	500	500	2 000
64	Generelle nyanlegg + rehab. , leidning	3 500	3 500	3 500	3 500	14 000
65	Knarvikplanen, kommunal del	6 000	2 000	2 000	2 000	12 000
66	Mongstad Spr, utbygging Sambveg	4 000				4 000
	Sum vann	141 875	68 800	48 100	33 000	291 775
67	VAanlegg Meland vassverk - Meland høgdebasseng	2 000				2 000
68	VA- anlegg Myrvollane - moldekleiv	5 000				5 000
69	VA- anlegg Fosse - Moldekleiv	6 900	6 900			13 800
70	Mindre prosjekt avlaup	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
71	Avlppsprosjekt iht. plan	8 800	2 500	4 700		16 000
72	Mindre utbygginger, nyanlegg, felles med vann osv	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
73	Tildkot prøvat/ offentlig anlegg	500	500	500	500	2 000
74	Rehabilitering ledninger	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
75	Overlppskontroll	200	200	200	200	800
76	Resipientundersøkelser	1 000			2 000	3 000
77	Pumpes tasjon Alverstraumen kai	2 500			3 000	5 500
78	Pumpeledning Alverstraumen kai - Gangstø	7 000				7 000
79	Pumpeledning Gangstø - Hilland Vest	1 000	4 000			5 000
80	Pumpes tasjon Ikenberget			1 000	6 000	7 000
81	Pumpeledning Ikenberget - Klubbstø			1 000	6 000	7 000
82	Pumpes tasjon Herlandstø/Isdalstø - Klubbstø			5 000		5 000
83	Pumpes tasjon Klubbstø			4 000		4 000
84	Pumpeledning Klubbstø - Monter/Stolz			8 000		8 000
85	Hovedrenseanlegg Kvasneset, primærrensing	10 000	40 000	34 000		84 000
86	Renseanlegg Mongstad Spr, inkl div ledn.		8 000			8 000
87	Avlpps ledninger Mongstad Base, kommunal del	2 000				2 000
88	Slamavskillere, - ombygging og utvidelser				1 000	1 000
89	Knarvikplanen, kommunal del	3 000	1 000	1 000	1 000	6 000
	Sum avløp	53 900	69 100	65 400	25 700	214 100

90	Kommunale vegar		20 000	20 000	20 000	20 000	80 000	
91	Trafikksikring		650	650	650	650	2 600	
92	Veglys, oppgradering (armatur, målare)		3 500	3 500	4 000	4 000	15 000	
93	Mindre trafikksikringstiltak		500	500	500	500	2 000	
94	Førsterkningstiltak vegar		1 000	1 000	1 000	1 000	4 000	
	Sum veg		25 650	25 650	26 150	26 150	103 600	
95	Brannstasjon		7 500	7 500			15 000	
96	Ny brannbil		10 500	800	500	500	12 300	
97	Diverse investeringar Brann		1 000	500	500	500	2 500	
	Sum Brann		19 000	8 800	1 000	1 000	29 800	
98	Universell utforming/ særleg tilrettelegging	Løpande	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000	
99	Planlegging Knarvik		3 000	2 000	2 000	2 000	9 000	
100	Utbygging Knarvik	58 000	28 000				28 000	
101	Prestelva		1 000				1 000	
102	Digitalt kartverk			500	500		1 000	
103	Mindre tomtkjøp/ grensejusteringar		2 000	2 000	2 000	2 000	8 000	
104	IKT-anlegg		3 000	3 000	3 000	3 000	12 000	
105	Utsifting bilar		500	500	500	500	2 000	
106	Oppgradering Frekhaug sentrum						0	33 050
107	IKT diverse direkte investert kommunen		750	750	750	750	3 000	
108	Nettbrett skuleelevar		2 000				2 000	
109	Datautstyr skulane		380	380	380	380	1 520	
110	Digital transformasjon skulane		180				180	
111	IKT prosjekt via IKTNH		500	500	500	500	2 000	
112	Egenkapitalinnskott KLP		6 400	6 400	6 400	6 400	25 600	
	Sum andre tiltak		49 210	17 530	17 530	17 030	101 300	
	Brutto investeringar		584 235	381 380	289 930	168 430	1 423 975	837 650

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020- 2023
Investeringar finansiert av kommunale inntekter	388 460	243 480	176 430	109 730	918 100
Investeringar finansiert av gebyr, vatn og avløp	195 775	137 900	113 500	58 700	505 875
	584 235	381 380	289 930	168 430	1 423 975
FINANSIERINGSBEHOV	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020- 2023
Brutto investeringar	584 235	381 380	289 930	168 430	1 423 975
Avdrag på formidlingslån	19 600	19 600	19 600	19 600	78 400
Formidling av Husbanklån	80 000	80 000	80 000	80 000	320 000
Sum finansieringsbehov	683 835	480 980	389 530	268 030	1 822 375
FINANSIERING	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Sum 2020- 2023
Lån					
Husbanklån	80 000	80 000	80 000	80 000	320 000
Generelle investeringar	296 163	181 714	129 149	82 664	692 190
Avløpsrensaneanlegg	53 900	69 100	65 400	25 700	214 100
Vassverk	141 875	68 800	48 100	33 000	291 775
Sum låneopptak	571 938	399 614	322 649	221 364	1 518 065
Mottokne avdrag på formidlingslån	19 600	19 600	19 600	19 600	78 400
SUM EKSTERN FINANSIERING	591 538	419 214	342 249	240 964	1 596 465
Anna finansiering					
MVA- refusjon (forskriftsbestemt)	75 072	47 016	33 606	17 466	173 160
Bufelleskap - tilskot husbanken 40%					0
Tilbakebetaling forsottering Sjurset Litlås	3 325	3 250	3 175	3 100	12 850
Klimasatsmidler Alversund skule	1 500				1 500
Trafikksikringsmidler El kanger skule Misa	2 000				
Bruk av disposisjonsfond trafikksikring El kanger	500				
Tilskot frå Alvidra - hall Alversund	2 000				2 000
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)	6 400	6 400	6 400	6 400	25 600
Tilbakebetaling forsottering Storemyra		5 000	4 000		9 000
Sal av brannbil	1 500	100	100	100	1 800
SUM INTERN FINANSIERING	92 297	61 766	47 281	27 066	225 910
SUM FINANSIERING	683 835	480 980	389 530	268 030	1 822 375
Opprinnelige investering - låneopptak generelle investeringar rådmannens framlegg	280 863	133 314	34 149	68 264	
Beløp investeringar/finansiering	0	0	0	0	0
Generelle investeringar	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	
Endring låneopptak mellom rådmannens framlegg og politisk behandling	15 300	48 400	95 000	14 400	
Renter	306	968	2 375	360	
Avdrag	536	1 694	3 325	504	
Netto påvirkning rammen	842	3 504	9 204	10 068	

Framlegget fekk 1 røyst (N.Øvreås-FRP) og fall

FO- 021/19 innstilling:

- Investeringsbudsjettet for 2020 er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekte prosjekt i tillegg til nokre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Alver kommune opp 283 743 000 kr i lån til generelle investeringar i 2020 og 195 775 000 kr i lån til sjølvkostområdet (vann og avløp).
- Økonomiplan for 2020-2023 og årsbudsjett for 2020 blir vedtekte, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2020 blir vedtekte på sum netto driftsrammer for dei syv hovudområda, jf. eigen tabell.
- Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjetttert innsparing til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.

4. Rådmannen får fullmakt til å flytte mindre budsjettpostar knytt til driftsutgifter mellom sektorane slik at det samsvarer med organiseringa i Alver.
5. Pensjon: Det har vore ulik amortisering av premieavvik i dei tre kommunane. Alver kommune legg til grunn 7 års amortisering av premieavvik.
6. For 2020 nyttar Alver kommune utskrivningsalternativet i eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og - installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2020 være lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknas med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.
7. Det vert gjeve ei ramme på 2 271 000 kr til kontrollutvalet.
8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 22 500 000 kr og 2 685 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik.
9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
10. Godtgjersle til ordførar blir sett til 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr for 2020. Løna regulerast per mai 2020 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

022/19: Val av forhandlingsutval - lønsfastsetjing rådmann

Alver formannskap 05.12.2019:

Handsaming:

Saka vart satt på sakskartet i møtet.

Framlegg om forhandlingsutval:

Følgjande to representantar vert vald til forhandlingsutval i tillegg til ordførar

Varaordførar Ø.Oddekalv-AP og Terje Sletten-Hansen-FNB

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 022/19 Vedtak:

Forhandlingsutval - lønsfastsetjing rådmann:

Ordførar Sara Sekkingstad

Varaordførar Øyvind Oddekalv

Terje Sletten-Hansen-FNB